

---

Saknr: 2020/35690-6  
Saksbehandlar: Åshild Fossgard Sandøy  
Dato: 30.03.2020

---

## Hurtigbåtdrift i Sogn og Fjordane - Status og framdrift

### 1. Innleiing

Fylkesrådmannen ønskjer med dette notatet å gje ei oppdatering på arbeidet med konkurranseutsettinga av båtanboda i Sogn og Fjordane - rutepakke 1 og 2.


Skyss/Kringom har dei siste to månadene gjennomført dialogmøte om energioverføring, formalisert samarbeidet med Trøndelag fylkeskommune om eit felles utviklingsløp, innhenta informasjon og kunnskap om godkjeningsprosedyrar og -regelverk, søkt støtte frå Klimasats og gitt innspel til framtidige søknadsrundar, og sendt ut invitasjon til vidare dialogmøte med næringa.

### 2. Samarbeidsavtale med andre fylkeskommunar om eit utviklingsløp for ekspressbåtar

Vestland fylkeskommune samarbeider med Trøndelag fylkeskommune om gjennomføringa av eit utviklingsløp for utsløppsfrie hurtigbåtar. Vi har samanliknbare krav til høg fart, stor kapasitet og lang rekkevidde. Trøndelag vil fornye sine hurtigbåtkontraktar frå 2024 og dette samsvarar bra med Vestland fylkeskommune sitt vedtak. Samarbeidet byggjer vidare på utviklingsprosjektet som Trøndelag fylkeskommune gjennomførte mellom 2017 og 2019. Dette gjer at vi kan dra nytte av både kunnskapen i næringa og nettverket mellom fylkeskommunane og aktuelle aktørar.

Ettersom nullutsleppsløysingar for hurtigbåt er av interesse for mange, vert det lagt opp til at alle fylkeskommunar kan delta i og følgje med på prosjektet. Viken, Troms og Finnmark, og Innlandet fylkeskommune har allereie vist interesse for prosjektet og signalisert at dei ønskjer å delta. Vestland og Trøndelag fylkeskommunar vil føreslå i Samferdselssjefskollegiet å gjere samarbeidsprosjektet til eit nasjonalt fylkeskommunalt prosjekt.

Prosjektets målsetnad er å legge til rette for pilotering av nullutsleppsløysingar gjennom utvikling og bygging av nye hurtigbåtdesign. Utviklingsløpet må derfor utformast slik at det omhandlar alle dei naudsynte fasane for at pilotfartøyet/a får dei naudsynte godkjenningar frå Sjøfartsdirektoratet. Vidare er ambisjonen er at utviklingsløpet i hovudsak skal finansierast av det statlege verkemiddelapparatet. Prosessen er illustrert med dei blå boksane i modellen under.



Partane vil før oppstart av den einkilde fase bli samde om dei konkrete krava og føringane for prosjektet, til dømes korleis kostnader, ansvar og eigarskap skal fordelast.

Samarbeidet vil som utgangspunkt omfatte alle dei tre fasane i utviklingsløpet, men med moglegheit for partane til å trekke seg frå samarbeidet før oppstart av kvar ny fase.

### 3. Statleg medfinansiering - søknadar til Miljødirektoratet si Klimasats-ordning

Saman med Trøndelag fylkeskommune er det gjennomført dialogmøte med Enova og Miljødirektoratet om det skisserte utviklingsløpet og høve til statleg medfinansiering. Enova har verkemiddel retta mot pilotering og verifisering av ny teknologi, samt til meirkostnadar for infrastruktur for kommersielt tilgjengelege konsept. Miljødirektoratet si Klimasats-ordning går utover dette og er relevant både i forkant (konseptutvikling) og etterkant (meirkostnadar drift) av Enova-støtte.

Klimasats-ordninga omfattar inntil 12 MNOK i støtta. Miljødirektoratet krev minst 25 prosent eigeninnsats, politisk forankring og at støtta er utløyssande. Førre tildeling var i desember 2019:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk 5,2 MNOK til planlegging og gjennomføring av innkjøp av utsleppsfrie hurtigbåtar. Midlane vert brukt i Vestland fylkeskommune sitt vidare arbeid med båtanboda i Sogn og Fjordane. I samband med Florø hamn sitt planlagde utbyggingsprosjekt har fylkeskommune utgreidd korleis ein kan leggje til rette for eventuell ladeinfrastruktur til ekspress- og lokalbåtar i Florø.
- Hordaland fylkeskommune fekk 0,6 MNOK til eit forprosjekt om kai- og ladeløysingar for bybåtsambanda.

I inneverande år har Miljødirektoratet 77 MNOK til rådvelde for hurtigbåtstøtte. Dette vert tildelt i to omgangar. Fyrste søknadsfrist var i februar 2020:

- Vestland fylkeskommune leverte ein søknad om støtte til reduserte meirkostnadar for elektriske lokalbåtsamband. Ein søkte om 12 MNOK for å dekke høgare investeringar på fartøy i rutepakke 2 (lokalbåtar).
- I samarbeid med Trøndelag fylkeskommune søkte fylkesrådmannen i februar Miljødirektoratets klimasatsprogram om 45 MNOK til å gjennomføre designfasen i det skisserte samarbeidet om utviklingsløpet for ekspressbåtar, som skissert under samarbeidsavtalen over. Søknadssummen overgår dagens grense for støtte. Ein reknar difor med at søknaden ikkje får støtte.

Vestland og Trøndelag fylkeskommunar er i dialog med Miljødirektoratet om neste utlysing. Vi har gitt innspel på korleis Klimasats-ordninga kan tilpassast best mogleg våre behov. Det er sannsynleg at vi då kan levere ein ny søknad om støtte til fyrste fase i utviklingsløpet.

### 4. Dialogmøter knytt til energioverføring

Skyss/Kringom har gjennomført seks møter med ulike aktørar innan energiproduksjon, -forsyning og -overføring.

Aktørane har kome med nyttig informasjon og innspel knytt til blant anna:

- Fordelar og ulemper knytt til dei ulike energialternativa
- Status knytt til teknisk utvikling av komponentar
- Naudsynt tid frå bestilling til første energileveranse kan skje
- Behovet for faste installasjonar
- Behov for areal for produksjon/bunkring/overføring
- Fordelar og ulemper ved å ha oppdragsgjevar eller operatør som kontraktspart

Totalinntrykket basert på innspela er at utviklingsbehovet for energiforsyning og infrastruktur på landside er av mindre karakter.

Skyss Kringom vil samanstille informasjonen frå desse aktørane med informasjonen frå dei komande dialogmøta med resten av næringa. Ein vil deretter kome attende til politisk nivå med ei samla oppsummering av dei konkrete innspela og Fylkesrådmannens anbefalingar.

### 5. Informasjon om planlagd marknaddialog

Fylkeskommunane Troms og Finnmark, Trøndelag og Vestland har invitert til dialog om utvikling, bygging, pilotering og drift av løysingar for utsleppsfrie hurtigbåtar. Vi ønskjer å møte heile

bransjen, frå designmiljø og båtbyggjarar til operatørar - inklusive underleverandørar av energi, energisystem og framdriftssystem.

For ekspressbåtar (rutepakke 1) ber vi om innspel på vidare prosess:

- Utviklingsløpet knytt til skrog, framdrift, energiberar og energioverføring
- Tids- og ressursbehov i dei ulike fasane i utviklingsløpet
- Immaterielle rettigheter og eigarskap i løpet av utviklingsløpet

Føremålet med denne dialogen er å definere rammene for utviklingskontrakten(e).

For lokalbåtar (rutepakke 2) ønskjer vi innspel på handlingsrommet for eksisterande teknologiske løysingar:


- Testing og verifisering av relevante løysingar
- Kritiske komponentar for å nytte tilgjengeleg teknologi
- Tilpassingsbehov frå oppdragsgjevar si side for tilgjengeleg teknologi (hybridisering, ruteendringar og liknande)

Føremålet med denne dialogen er å få tilstrekkeleg innsikt i relevante teknologiske løysingar til å søkje statleg medfinansiering til innkøpet.

Vedlagte dialognotat vart kunngjort 2. april. Frist for skriftlege innspel er 27. april, ein-til-ein-møte vart gjennomført i mai. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til resultatane frå dialogen så snart som råd.

## 6. Vegen vidare

Følgjande tidsplan vart teikna opp i førre orientering:



Dialogen skal hjelpe oss med å avklare kritiske suksess- og risikofaktorar knytt til gjennomføring, kostnader og tidsbehov. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ein meir detaljert tidsplan etter dialogen med marknaden.

For april og mai vil prosjektet ha fokus på følgjande aktivitetar:

- Gjennomføre dialog med næringslivet
- Etablere prosjektorganisasjonen
- Oppsummere og bearbeide innspela frå dialogmøta
- Forberede søknad til Klimasats/sikre finansiering for designfasen i rutepakke 1
- Førebu søknad til Enova for Rutepakke 2
- Førebu konkurranse- og kontraktsdokument

I skrivande stund er det varsla at regjeringa i revidert nasjonalbudsjett skal kome attende til korleis det offentlege kan setje i gang utviklingskontraktar for nulltlesps hurtigbåt. Fylkesrådmannen vurderer samarbeidet mellom Trøndelag og Vestland fylkeskommune til å vere i målgruppa for eit slikt nasjonalt prosjekt ettersom prosjektet

- legg opp til ei brei deltaking frå fylkeskommunar
- har ei eigna organisering under utvikling
- vil nytte eit modent konsept ved tilrettelegging av utviklingsløpet
- Allereie har etablert ei operativ dialog med næringa og det statlege verkemiddelapparatet

Oppsummert vil vårt samarbeidsprosjekt kunne vere eit effektivt og slagkraftig tiltak for å utløyse dei miljø- og næringspolitiske målsettingane som Vestland delar med andre fylkeskommunar og det nasjonale nivå.

## Vedlegg

### 1 Dialognotat